



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Høyring - Forskrift om utvida jakttid på grågås og utvida periode for eggsanking i Kvinnherad kommune

I tråd med kommunal forvaltingsplan for grågås i Kvinnherad kommune (2025-2029), forselår Statsforvaltaren utvida jakttid for grågås og utvida periode for eggsanking i kommunen. Jakttida blir foreslått framskunda med 20 dagar, dvs. frå og med den 21. juli og fram til ordinær jaktstart den 10. august. Utvida eggsanking er foreslått fram til og med 25. april. Høyringsfrist er sett til 27. mars 2026.

Bakgrunn

Norge har ein livskraftig bestand av grågås, og mange stader fører beitande gjess til store skader på avling. Dette gjer seg òg gjeldande i Vestland, sjølv om flokkane hos oss langt frå er like store som i dei typiske rasteområda i Nordland, Trøndelag og på Jæren, der flokkane under hausttrekket kan omfatte fleire tusen gjess. Men gardsbruka i Vestland er små, og for den enkelte bonden kan sjølv mindre gåseflokkar gjere skade på ein stor del av avlinga.

Også Kvinnherad kommune har utfordringar knytt til beitande gjess på innmark, og har på bakgrunn av dette fått utarbeidd ein kommunal forvaltingsplan for grågås (Vedlegg 1). Ordinær jakttid for grågås er 10. august – 23. desember, men fordi hausttrekket startar i juli månad, har mange av gjessene i distriktet trekt sørover før ordinær jakttid startar. Kvinnherad kommune ønskjer difor utvida jakttid på grågås. Kommunen ønskjer òg utvida periode for sanking av egg av grågås fram til og med 25. april, i tråd med praksis i andre kommunar i Vestland.

Kommunal forvaltingsplan

Ein kommunal forvaltningsplan er eit viktig verktøy for forvaltninga av gjess. Denne må sjølvstendig vere i samsvar med den fylkesvise forvaltingsplanen og gjeldande lovverk. Forvaltingsplanen bør oppdaterast jamleg, med nye teljingar og bestandsestimat, og med oppdatert oversikt over geografiske problemområde/skadeområde.

Forvaltingsplan for grågås i Kvinnherad kommune vart godkjent den 3. juli 2025 (vedlegg 2). Bestandstala som ligg til grunn for forvaltingsplanen for grågås kommunen er i hovudsak frå 2024, og på bakgrunn av signal frå grunneigarar både i Kvinnherad og andre kommunar i distriktet, og



andre kjelder, er det ikkje grunn til å tru at utfordringa med beitande gress på innmark har blitt mindre dei seinare åra.

Lovheimel

Statsforvaltaren har delegert myndigheit til å opne for jakt på grågås inntil 20 dagar før ordinær jaktstart, dersom det føreligg ein godkjent, kommunal forvaltingsplan for grågås, jf. Forskrift om jakt- og fangsttider. Jf. same forskrift kan Statsforvaltaren òg gi løyve til sanking av egg frå grågås utover 15. april i område der dette inngår i ein godkjent, lokal forvaltningsplan for grågås.

Statsforvaltaren si vurdering

Med bakgrunn i godkjent forvaltingsplan, bestandsstatus for grågås og avlingsskadar ved fleire gardsbruk i kommunen, meiner Statsforvaltaren at tidleg jaktstart og utvida periode for eggsanking kan vere aktuelle førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Vi foreslår derfor utvida jakttid som vil gjelde frå og med den 21. juli til og med den 9. august og utvida periode for eggsanking fram til den 25. april. Forslag til forskrift er gitt i Vedlegg 3.

Vurdering av miljørettsprinsippa (nml §§ 8-12)

Jf. naturmangfaldlova § 7, skal prinsippa i §§ 8 - 12 leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynd.

Kunnskapen om grågåsbestanden, både lokalt og regionalt på Vestlandet, er etter vårt vurdering god (jf. nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget). Bestanden har lenge vore aukande i ytre og midtre delar av fylket, sjølv om ein lokalt ser ei utflating av bestandsveksten og også ein nedgang i bestanden. Førevar-prinsippet (§ 9) ser vi ikkje som relevant, sidan det er ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Utvida jakt og eggsanking vil rette seg mot ein art som har ein sterk og livskraftig bestand, og vil ikkje føre til negativ samla belastning på økosystemet, jf. § 10. § 11 – om kostnadane ved miljøforringing – er lite relevant i denne samanhengen. Jakta skal gå føre seg med velkjende, lovlege metodar, og er slik sett i tråd med § 12.

Eventuelle merknadar til forskrift om utvida jakttid for grågås og utvida periode for eggsanking i Kvinnherad kommune, kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no.

Høyringsfrist

Høyringsfristen er sett til 27. mars 2026.

Med helsing

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakarliste:

Kvinnherad kommune

Birdlife Norge

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland

Hordaland bonde- og småbrukarlag

Norges Jeger- og Fiskerforbund

NOAH

Vestland Bondelag

Vestland fylkeskommune